



Kyrkjerådet

Dalen, 24.11.2020

Svar Høyring om endring i kyrkjeordninga

Tokke kyrkjelege fellestråd handsama høyring om endring i kyrkjeordninga og fatta slikt vedtak samrøystes:

Vedtak i fellestrådet

1. Tokke kyrkjelege fellestråd støtter kyrkjerådet endringsframlegg til kyrkjeordninga si § 8 fjerde ledd.

2.1. Tokke kyrkjelege fellestråd støtter kyrkjerådet i sanksjonshøve knytt til brot på teieplikt med tillegg i kyrkjeordninga si § 10 fjerde ledd, men ber kyrkjerådet sjå på endringane slik at soknerådsmedlem som er medlem av kyrkjeleg fellestråd og bryt teieplikta knytt til saker handsama i fellestrådet berre kan miste sitt verv i fellestrådet.

2.2. Tokke kyrkjelege fellestråd ber kyrkjerådet gjere ein juridisk refleksjon knytt til det at eit rådsmedlem i kyrkjeleg fellestråd, vald av soknerådet, bryt teieplikta i fellestrådssaker. Er det kyrkjeleg fellestråd som skal fatte vedtak om at vedkommande skal miste fellestrådsvervet i slikt sak eller er det soknerådet som skal gjere vedtak om at vald soknerådsmedlem i fellestrådet skal miste fellestrådsvervet ev. og miste retten til å sitte i sokneråd .

Er kyrkjerådet sin intensjon at rådsmedlem i kyrkjeleg fellestråd som bryt teieplikt i saker knytt til kyrkjeleg fellestråd skal miste soknerådsvervet?

Korleis ser kyrkjerådet for seg ein prosess med brot på teieplikt i kyrkjeleg fellestråd og sanksjonar?

Fellestrådet er usikker på om fellestrådet har mandat til å krevje realitetshandsaming av slikt sak i soknerådet. Fellestrådet er og usikker på om eit slikt vedtak i fellestrådet kan få konsekvens for soknerådsmedlem utan tilsvarande vedtak i eige soknerådet, all den tid det er soknerådet som har vald representanten til fellestrådet.

Fellestrådet er og usikker på om soknerådet i det heile kan handsame eit brot på teieplikt knytt til kyrkjeleg fellestrådssaker når ev. brot på teieplikt gjeld sak/saker som ikkje har vore handsama på eit soknerådsmøte, men på eit kyrkjeleg fellestrådsmøte.

2.3. Tokke kyrkjelege fellestråd oppmodar kyrkjerådet til å gjere ein juridisk refleksjon knytt til kommunalt vald representant og teieplikt knytt til saker i kyrkjeleg fellestråd.

3. Tokke kyrkjelege fellestråd støtter kyrkjerådet sitt endringsframlegg § 10 femte ledd, men ber kyrkjerådet om ein juridisk refleksjon knytt til at kommunalt vald rådsmedlem som på eige hand eller som ein del av eit fleirtal/mindretal i fellestrådet bryt § 6 i trdomssamfunnslova. Dette for å klargjere om kyrkjerådet har mandat til å frata ein kommunal representant vervet som kommunal vald representant.

Bjørnar Christensen /sign./
Kyrkjeverja i Tokke